



## REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA 031218

Stad/tid: Alver hotell kl 14:00 – 15:30

### Tilstade:

Anne Hildegunn Færøy – NUI  
Heinz Diehl – leiar for tenesteutvikling og innovasjon - Fedje  
Nina Kvamme – Sektorleiar helse, omsorg og sosial - Osterøy  
Helga Ellingsen – Leiar helse og omsorg Masfjorden  
Ove Sæbø - Kommunalsjef - Modalen  
Olav Mongstad – Ass.rådmann Austrheim  
Ingebjørg Søreide – Kommunalsjef Gulen kommune  
Leni Dale – Kommunalsjef Lindås  
Helge Kvam – Kommunalsjef Meland  
Grete Herøy – kommunalsjef Radøy  
Solrunn Hauglum – Kommunalsjef Vaksdal  
Elin Eikemo – prosjektmedarbeidar Nordhordlandsprosjektet  
Kari Bjørkheim – prosjektleiar Nordhordlandsprosjektet

### Forfall:

Eivind Lowzow – Brukarrepresentant  
Thomas Rønn- Aar – Leiar IKTNH

### **Saker:**

#### **Sak 34/18: Referat frå møte 26.10.18:**

Godkjent.

#### **Sak 35/18: anbodsprossen:**

Status med framdriftsplan og kva som gjenstår vart presentert.  
Tildeling planlagt 07.12.18, deretter karenperiode. Kontraksignering blir etter planen i januar 2019. Etter dette blir det arbeid med kontraktsoppfølging og implementering.

#### **Sak 36/18: Opptak av nye kommunar i prosjektet**

Prosjektleiar viste til notat vedkomande denne saka sendt styringsgruppa 26.10.18. Dette utifrå signal frå helsedirektoratet. I tillegg vart det vist til innspel på konferansen 06.11.18 v/ Kristin Standal i KS. Dette er aktuelt i

samband med utlysning av prosjektmidlar med søknadsfrist 1. februar 2019. Kriterier for søknaden er ikkje kome ut endå. Men det er kome sterke signal frå det nasjonale velferdsteknologiprogrammet om at alle programkommunar bør søke vidare, samt å ta opp fleire kommunar i sin søknad.

Ei innlemming av fleire kommunar inneber ikkje tilføring av nye midlar, men at aktiviteten i prosjektet skal kome andre kommunar til gode. Det betyr at Nordhordlandsprosjektet vil måtte inngå avtalar med nye kommunane og yte tenester til dei. Alternativt risikerer Nordhordlandsprosjektet ein reduksjon av tilgjengelege midlar til velferdsteknologiprojekta.

Saka vart drøfta i møtet. Styringsgruppa etterspurde ein meir formell førespurnad frå helsedirektoratet og kriterier for søknad - og om dette heng saman med at prosjektperioden er utvida til ut 2020. Prosjektleder opplyste om det er etterlyst meir informasjon, men får ikkje anna enn dei signal som er gitt og henvist til tidlegare kriterier for søknad. Skepsis i høve til kva dette vil bety for Nordhordlandsprosjektet i forhold til fokus på eige arbeid, meirarbeid og ulik ståstad. Kan bl.a ikkje bli med i vårt anbod, men i andre prosessar.

Ein ser at ei utviding med andre kommunar vil ha betydninga for om ein skal søkje midlar for 2020 også. Prosjektet vil i første omgang søke midlar og ha pengar til løn ut okt.2019. Skjønsmidlar vart noko redusert frå 2017 – 2018. Prosjektorganisasjonen må riggast framover utifrå tildelte midlar og eigendel frå kommunane.

På den andre sida kom det innspel på å opne opp for å ta inn andre kommunar i prosjektet. Viktig å sikre implementering og drift vidare utover 2019. Det beste vil vera å få avklart om ein skal gå for å søkje midlar og for 2020 før ein går ut å spør andre kommunar, men det vil bli tatt stilling til seinare.

Konklusjon: Nordhordlandsprosjektet sender ut førespurnad til andre kommunar i fylket som ikkje er med i Nasjonalt velferdsteknologiprogram om å være med i søknaden for 2019. Svarfrist i starten av januar 2019. Samarbeidsavtalen for 2018 for kommunane, vert lagt ved førespurnaden.

**Sak 37/18: Velferdsteknologiens ABC opplæring- vidare ansvar og drift.**

Kompetansehevande tiltak ein del av prosjektet og kontinuerleg prosess. USHT Hordaland står for det faglege innhaldet i Velferdsteknologiens ABC.

Kommunane må vera fasilitator og organisera med lokale, tid, stad mv. Prosjektet har stått for dette i prosjektperioden. Vidare opplæring gjennom Velferdsteknologiens ABC må drøftast med USHT, som utifrå tilbakemeldingar frå kommunane planlegg og søker midlar til dette opplegget.

På statusmøter i kommunane i haust kom det signal om at enkelte kommunar ynskjer ein runde 3 i 2019. Velferdsteknologiens ABC er eit tilbod – kommunane sjølv må avgjere kven og antal dei sender.

**Sak 38/18: Frå prosjekt til drift**

Vart kort vist til handlingsplanen i prosjektplanen som no er revidert og oppdatert for 2019 – 2020. Gjennomgang av forslag til handlingsplan vert sak på neste møte styringsgruppa i 2019. I tillegg vart det vist til implementeringsplanen som er utarbeidd og ligg på heimesida [www.nordhordlandsprosjektet.no](http://www.nordhordlandsprosjektet.no). Dette er eit verktøy til bruk på overordna og lokalt nivå i implementeringsfasen.

**Sak 39/18: Søknad tilskot HDIR/fylkesmannen og søknad skjønnsmidlar**

Søknadsfrist 01.02.19 for tilskot HDIR . I tillegg søknad om skjønnsmidlar.

Rapportering og gjennomgang revisor i starten av januar før søknad.

**Sak 40/18 : Evt**

Neste møte med styringsgruppa vert 11.01.2019 på Dampen. Tidspunkt vert sendt ut seinare. Aktuelle saker er:

- Presentasjon av skisse til søknad for 2019.
- Gjennomgang av revidert handlingsplan for prosjektet
- Økonomi.

Masfjordnes, 04.12. 2018

Elin Eikemo

- Referent-

